

Utval for Areal, plan og miljø- Styringsgrupper

Alver Tomteselskap har innvendingar til sak- Plansak Kommuneplanen sin arealdel for Alver PlanID 4631-2022001 som blir lagt fram 14.12.2022

Forvirringa som forslaget skaper, eller uvissa, bør ryddast av vegen før framlegget blir fremja. Framlegget er formulert krevjande og dermed krevjande å forstå. Betyr dette til dømes at det blir andre reguleringsreglar for dei aktuelle områda eller tomtene når det blir ei utsiling? Utsilinga som planavdelinga varslar har òg ei udemokratisk side ved at ho ikkje er lagt ut på høyring. Dette er i strid med det grunnleggande kravet til medverking i plan- og bygningsloven § 1-1.

Slik forslaget er lagt opp må det lesast som at prinsippa om grovsiling, vekst soner mv. også skal få verknad og leggest til grunn for areala som ikkje er omfatta av planprogrammet, til dømes Knarvik-Alversund, Alverstraumen, Ostereidet mv. Forslaget som nå blir fremma er ikkje i samsvar med forutsetningane i planprogrammet som ble lagt ut til høyring. Alver Tomteselskap og andre interessentar har difor ikkje hatt moglegheit til å komme med innspel til dette.

Vi viser her til Miljøverndepartementet sin rettleiar til Kommuneplanen sin arealdel s. 17 og 18 knyta til samråd, utredning, og medverking i samband med planarbeidet.

Vi har eit betydeleg prosjekt som med denne utsilinga fell utanfor avgrensinga på ein kilometer. Vi er dessutan berre ein av fleire som opplever at utsilinga representerer ei nedprioritering. Vi ønskjer difor å få koma med innspel og også få tilbakemelding på konsekvensane av ei foreslått utsiling.

Slik saka er presentert gjev den planavdelinga eit mandat som har som konsekvens at dei folkevalde er fråteken vidare involvering og med det allmenta sin rett til medverknad . Dette er eit framlegg med implikasjonar som lett kan gi utilsikta konsekvensar, til dømes i form av stans/forseinkingar i vidare planprosess, og i verste fall ugyldigheit. Det må uansett tydeleggjerast korleis dette dokumentet skal nyttast i praksis. Alver Tomteselskap vil difor rå til at saka blir utsett fordi den ikkje er tilstrekkeleg opplyst, og at avgrensinga blir revurdert opp mot moglege konsekvensar.

Knarvik 12.12.2022

Med vennleg hilsen

Trond Lomsøy  
Daglig leiar, Alver Tomteselskap AS